

Årsrapport for Vikøy sokneråd 2018

Samansetnaden av Vikøy sokneråd 2018.

Ingvill Sørheim (leiar)
Odd Øygarden (nestleiar)
Edmund Tolo (skrivar)
Eimund Solsvik (kasserar)
Kari Bente Valland Træbakken
Rebecca Opsahl-Engen
Astrid Helleve Fylkesnes
Gudrun Skeie Langeland
Sokneprest Roar Strømme

Varamedlemer

Siri Moripen Øverland (1. vara, møter fast i soknerådet)
Arvid Strømme
Arnfinn Hopland
Elin Feste
Herdis Austevoll

Arbeidsutval:

Arbeidsutvalet for soknerådet har vore samansett av sokneprest, leiar og nestleiar. Kasserar vert kalla inn ved behov.

Soknerådet sine representantar i Kvam kyrkjelege fellestråd

Ingvill Sørheim – Personleg vara: Astrid Helleve Fylkesnes
Odd Øygarden – Personleg vara: Eimund Solsvik

Andre faste oppgåver

Kjøkkenansvarleg: Berit Skutlaberg. Ho held fram vidare.
Soknerådet sin representant i Føremiddagstreffet: Helga Synnøve Sørhus
Kontaktpersonar for Kirkens Nødhjelp: Ingvill Sørheim
Bibelkontakt for soknerådet: Gudrun Skeie Langeland.
Soknerådet sin representant i representantskapet til Kirkens SOS Bjørgvin: Kari Bente Valland Træbakken

Soknerådet sitt arbeid:

Soknerådet har hatt 7 (9) soknerådsmøte og 7 (9) arbeidsutvalsmøte i 2018. Kyrkjelyden er blitt invitert til årsmøte i mars.

60 (53) små og store saker er blitt handsama. Av viktige saker kan nemnast:

Årsmelding og rekneskap
Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden/trusopplæringa
Offersøknader
Kyrkjekaffiar, minnesamvær, tilstellingar (t.d. konfirmantfesten)
Fasteaksjonen



Førebu nytt soknerådsva

Diakoniplanarbeidet. Ein har ferdigstilt og vedteke ein diakoniplan som er felles for Kvam, men også ein som gjeld for Vikøy sokneråd.

Visitastad 28.05-03.06.18. Biskopen var på visitastad i Kvam desse dagane. I samband med dette skreiv ein ei visitastadmelding der ein skildrar ulike sider ved Kvam med hovudvekt på kyrkjelydslivet.

Kyrkjelydspedagog Solveig Lønning Sangolt og søndagsskulelærar Solfrid Storaker Lindøy har vore med på eit soknerådsmøte og snakka om trusopplæringa og sundagsskulen sitt arbeid i kyrkjene i Kvam.

Trusopplæringsplanen som er vedteken for nokre år sidan, er ambisiøs med tiltak i alle årsklassar. Med ein slik plan kan det vere behov for tilskot i form av større stillingar eller meir frivillig innsats for at dette skal gå opp.

Tilsette/staben i Vikøy sokn:

Kyrkjeverje/dagleg leiar: Olav Skeie Lid.

Sakshandsamar: Anne Kari Sørheim

Sokneprest: Roar Strømme

Kateket: Marna Roer (fram til 1.8.18). Daniel Gammelsæter vikar hausten 2018. Tilsett ny kateket frå

1.1.19: Mampion Andriamandimby

Kyrkjelydspedagog: Solveig Lønning Sangolt (50%)

Organistar: Margrete Lid Kjosås (permisjon fram til 1.8.2018) og Sevinj Asgarova (permisjon til 1.8.2019).

Astrid Johanne Gjestvang er tilsett som organistvikar.

Nancy Sangolt er tilsett i vikariat 80 % stilling som organist og 20% som konfirmatlærar fram til 1.8.2018

Torgeir Kinne Solvik er tilsett i vikariat som organist i 80% stilling fram til 1.8.2018.

Kyrkjetenar: Vidar Eik er tilsett fram til 31. desember 2018. Ny kyrkjetenar frå 1.1.19: Franckie Mario Andrianaivo

Arbeidsleiar på kyrkjegarden: Heine Ugletveit

Frivillige medarbeidarar (frivillige innanfor diakoni og sundagsskule er omtalt seinare):

Om lag 70 personar deltek med frivillig arbeid i kyrkja. 33 (23) personar har gjort teneste som medhjelpar eller kyrkjevert i samband med gudstenestene.

Fleire har delteke med song og musikk.

19 (24) personar har vore faste medhjelparar på kjøkkenet ved minnestunder. Desse er delt i to grupper som har ansvar for kvar sine minnesamvær.

Ein person har teke på seg å ordna med blom på altaret i Norheimsund kyrkje på høgtidsdagar.

To personar hengjer opp plakatar i Norheimsund og Vikøy når det er gudstenester.

Arbeidet i kyrkjelyden (2017-tal står i parentes)

Det blei halde 36 (34) gudstenester på vanlege sundagar og heilagdagar med til saman 5461 (5770) personar til stades. Utanom dette har det vorte halde 5 gudstenester utanom sundagar og helgedagar. 525 personar har møtt fram. Prestane held også jamleg andaktar på institusjon eller aldersheimar. Til saman utgjer dette 41 gudstenester totalt med eit oppmøte på 5986 (6345) personar. Gjennomsnittleg frammøte på vanlege gudstenester ligg på 152 (170) personar.

33 (37) er blitt døypte, og 35 (33) ungdommar blei konfirmerte. 15 (8) par er blitt vigde, og 30 (38) personar er blitt gravlagde.

Ut frå statistikken som ligg føre ser ein at oppmøtet på vanlege gudstenester er fallande samanlikna med nokre år tilbake. Talet på døypte og på konfirmantar er i same tidsrom stabilt.

Bispevisitas:

28.mai-3. juni hadde dei ulike sokna i Kvam bispevisitas i strålende ver. Gjennom veka fekk biskopen eit innblikk i både kyrkjeliv, kulturliv og arbeidsliv i Kvam herad. I tillegg fekk biskop Nordhaug vere med på ulike bedriftsbesøk og på arbeidsplassar. Av programmet kan nemnast besøk på smelteverket Bjølvefossen i Ålvik, Fartøyvernsenteret i Norheimsund, skulebesøk på Framnes og møte med lærarar i grunnskulen. På sistnemnde møte var det semje om å utarbeide ein samarbeidsavtale mellom kyrkje og skule. På kveldstid fekk biskopen tid til å møte sokneråd i dei ulike sokna i Strandebarm. Biskopen fekk også besøke kyrkjeklubben, halde møte med stab og individuelle samtalar med prestane, kyrkjevevja og dei som elles ynskte det i staben. Den eine kvelden hadde ein kulturkveld i kyrkja med mellom anna folkemusikk, prolog/kåseri ved kyrkjevevja og ei helsing ved biskopen. Visitasen vart avslutta med visitasgudsteneste, visitasføredrag og kyrkjelydsfest søndag 3. juni.

5 punkt frå biskopen sitt visitasføredrag som er verd å merkje seg:

- Gå til gudsteneste regelmessig fordi det er der de får mat for trua.
- Start arbeidet for å få til ei diakonstilling; få i gang ei målretta fast gjevarteneste
- Gjer prioriteringar av tiltaka i diakoniplanen og hald han løpande oppdatert
- Gå vidare med ein dialog med bedehuset om trusopplæringa i Norheimsund
- Lag eit årshjul for samarbeid med skulen

Trusopplæringa

I samband med dåp har presten dåpssamtale med alle som døyper borna sine.

Både vår og haust 2018 arrangerte kyrkjelyden babysong med 17 deltakarar (29 %) og småbarnstreff (1-6 år) med ca. 12 deltakarar (15,5%). Her er det 2-åringane som er den reelle målgruppa. På vårparten kom 10 3-åringar på «Krølletreff» (30 % av borna i målgruppa), og 30 4-åringar (91 %) kom på familiegudsteneste og takka ja til boka si. 11 barn (31%) fekk utdelt 6-årsboka i juni. Dette arrangementet kolliderte diverre med eit barnehagearrangement. På Legoklubb for 7-åringar kome 20 born (80%). Her fekk borna byggje bibelforteljingar i Lego og ete kveldsmat i lag; eit svært kjekt arrangement!

For 5-10-åringar var det arrangert Hallo Venn 31. oktober. Heile 160 (!) born kom. Dette var ein kjempesuksess! Me ser at det er behov for eit slikt arrangement i bygda vår. Folk ynskjer eit alternativ til Halloweenfestar og å «gå halloween». For å arrangere det på nytt, treng ein fleire frivillige!

På Lys Vaken i november, som vert arrangert for både Vikøy og Øystese sokn, kom 22 born; 7 av borna var frå Øystese, 15 frå Vikøy sokn (38% av borna i årskullet). I januar 2018 blei 8-åringane invitert til arrangementet «Tårnagent» i Øystese kyrkje. Her deltok 19 born, av dei 10 frå Norheimsund og 9 frå Øystese (20% av dei inviterte frå Norheimsund kom).

Sundagsskulen sitt arbeid «Sprell levande» har vore eit populært tilbod for born (og foreldre) under gudstenestene. Om lag 15-25 barn i alderen 0-10 år møter opp på desse samlingane. 4 faste personar har vore med på å drive sundagsskulen siste året. Vi har hatt nokre aldersdelte samlingar, for å legge meir tilrette for dei større barna. Vi ser at utfordringa, som førre år, er å ha nok leiarar for å få dette til. Søndagsskulen har i stor grad konsentrert seg om «vanleg» søndagsskuleaktivitet, men vi var også med å arrangerte «Hallovenn» i oktober. Søndagsskulen ønsker at barna gjerne skal ha meir kontakt med resten av kyrkjelyden, og vi jobbar med ulike tankar rundt dette. I desember inviterte vi i den samanheng til kyrkjekaffi med lussekatter etter gudstenesta.

Me nemner også spesielt kateketen og kyrkjelydspedagogen sitt arbeid i møte med barnehage og skule. Kyrkja har hatt 5 (6) barnehagegrupper på besøk fordelt på 8 avdelingar. 1 barnehage har hatt besøk på 2 avdelingar. 4 (6) ulike skuleklassar har hatt besøk av kyrkja. Det har vore 1 skulegudsteneste før jul (312 deltakarar).

I soknet blir det elles drive mykje godt barne- og ungdomsarbeid. Her vil ein spesielt trekkje fram Origo, KRIK, Junior-Ving og barnekora Shine og Kvam Soul Children i tillegg til Norheimsund og Øystese Ungdomskor. Kora deltek ved ulike høve i gudstenestene, t.d. familiegudstenester og på lysmesse og Samling for alle.

Skuleåret 2017-2018 hadde Vikøy sokn 35 konfirmantar. Konfirmantane møttest jamleg frå september til april til undervisningsøkter i Norheimsund kyrkje. I tillegg har dei møtt på sju gudstenester i løpet av konfirmasjonstida, samtalegudsteneste og konfirmasjon medrekna. Dei fleste konfirmantane har vore på konfirmantleir i Etne eller delteke på andre arrangement (t.d. Ungdomskoret sin turne). Konfirmantar og foreldre gjorde ein flott jobb i samband med Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

I haust hadde konfirmantane besøk av Team Sulebakk om ettermiddagen og kvelden. Tilbakemeldingane frå konfirmantane var gode, og dei som stod for det, var også nøgde med arrangementet. I desember deltok dei på lysmessa.

Ein noko ustabil kateketsituasjon hausten 2018 har gjort konfirmantabeidet meir krevjande enn tidlegare.

Med ny kateket på plass frå våren 2019 vonar ein at dette vil betre seg.

Soknerådet er med og betaler løn, kr 30.000, til dirigenten i Norheimsund og Øystese ungdomskor.

Som nemnt innleiingsvis er «Trusopplæringsplanen» for barn og unge i alderen 0-18 år ambisiøs og omfattande. Nytt i 2018 er «Lego-klubb» og «Hallo Venn»; begge tiltaka har vore svært positive. Kanskje nokre andre arrangement må setjast på vent for å gje plass til desse arrangementa som fungerer godt.

Diakonalt arbeid

Føremiddagstreffet har hatt 5 (5) medlemmer i arrangementskomiteen.

I 2018 vart det arrangert 7 treff, eit treff kvar 3. torsdag i månaden i vinterhalvåret. Inviterte gjestar har presentert ulike tema. Av tema som har vore på treffa, kan ein nemna «Kvammamønstringa 1960», «Glimt frå Sør-Afrikatur», «Misjonsarbeid i Kamerun», «Kvardag og helg i Sjømannskyrkja», «Perler frå kofferten til norsklæraren» og «Livet på Helgatun». Det har møtt mellom 40-50 personar på treffa.

I mai 2018 arrangerte leiarane for føremiddagstreffet tur til Eidfjord. Denne turen var fullteikna, og han vart ein svært fin og gild dag.

I samband med gudstenesta fastelavenssundag, tilrettelagt for menneske med nedsett kognitiv funksjonsevne, har diakoniutvalet i samarbeid med Kulturkontoret sendt ut brev med personleg invitasjon og hatt ansvar for kyrkjekaffien denne dagen. Ca 50 personar deltok på dette.

Elles blir kyrkjelydssalen gjerne nytta til minnesamvær etter gravferder. I 2018 har det vore 11 minnestunder i Norheimsund kyrkje. Soknerådet sine friviljuge damer har hatt ansvar for 8 av dei, og dei 3 andre var det Heidi Helgheim som sytte for.

Når soknerådet arrangerer minnesamvær, er det to arbeidslag som skiftar på å ta seg av det praktiske. I desse arbeidslaga deltek 19 personar, og til ei minnestund trengst det 5-7 personar. Derfor er det alltid lett å få folk til å stilla opp. Dei som er med, gjev ofte uttrykk for at det er godt og meningsfylt å vera med i denne tenesta.

Dei som hadde mista nokon siste året, vart spesielt inviterte til gudsteneste helgemessesøndag i Vikøy kyrkje. I etterkant har det kome svært mange positive tilbakemeldingar på å ha denne gudstenesta nettopp i Vikøy sidan kyrkjegarden ligg der og ein samstundes kan besøke grava og tenne lys.

Våren 2018 vedtok soknerådet Diakoniplanen som ein har arbeidd med i om lag 2 år. Denne planen har ein generell del som er felles og som synleggjer diakonien sin plass i kyrkja. Planen er tufta på Jesus sine omsorgsfulle ord til den blinde mannen ved Jeriko: «Kva vil du eg skal gjera for deg?» Hovudområda i planen byggjer på *nestekjærleik* og *inkluderande fellesskap* og på *vern om skaparverket* og *kampen for rettferd*. I tillegg følgjer ein lokal diakoniplan for kvart av dei ulike sokneråda. Til slutt i planen har ein sett opp nokre diakonale fellestiltak som ein samarbeider om mellom dei ulike sokneråda. Hausten 2018 fekk ein tilbod om ei prosjektstilling for diakon. Lønsmidlane utgjer 25%, resten må ein dekke inn gjennom egne midlar. Stillinga har vore lyst ut, men utan kvalifiserte søkjarar. Me vonar at dette kan bli ein realitet på sikt. Ein må rekne med å delta med fast gjevarteneste for å få dette i hamn. Dette har vore kunngjort i kyrkjebladet og vil bli følgt opp framover av ei felles diakoninemnd for alle sokna i Kvam.

Kyrkjeklubben

Ein gong kvar månad møtest menneske med nedsett kognitiv funksjonshemming til ei samling i kyrkja. Annakvar gong skjer dette i Norheimsund og Øystese kyrkje. Prestane er med i tillegg til kyrkjeverje og fleire frivillige medarbeidarar. Samlinga har eit fast opplegg i kyrkja med tema, song og musikk og til slutt kveldsmat. I snitt møtest 15-20 deltakarar.

Kyrkjeringar

Dei to kyrkjeringane har som før spesiell omsorg for kyrkja både økonomisk og i bøn. Norheim kyrkjering (møtestad privat) har 7 (6) medlemmer. Tolo kyrkjering (møtestad på dåpsrommet) har 9 (10) medlemmer.

Misjonsarbeid

Mange ulike misjonsorganisasjonar er representerte med foreiningar og anna verksemd i soknet vårt. Kyrkjelyden støttar arbeidet med kyrkjeofringar og forbøn. Soknerådet har ein samarbeidsavtale, SMM-avtale, med HimalPartner. Me har forplikta oss til å orientera om og be for arbeidet dei driv. Kyrkjelyden vil spesielt hugsa på misjonærar som er ute for HimalPartner. I tillegg har ein jamleg orientering om arbeidet HimalPartner driv gjennom Kyrkjelydsbladet og at Ragnhild og Tore Skeie orienterer frå misjonsarbeidet på gudstenester. Minst ei gudsteneste i året skal vere ei misjongudsteneste. Hausten 2018 hadde kyrkjelyden også besøk av to representantar frå HimalPartner. Etter gudstenesta hadde ein ei samling i kyrkjelydssalen der ein fekk høyre frå ulike delar av arbeidet som blir drive i Nepal. Minst fire gonger i året blir det teke opp takkoffer til HimalPartner. Russen på Framnes støtta skuleåret 2017/18 også HimalPartner gjennom sitt russeprosjekt. Me er takksame for dei midla som vert samla inn og som me ser blir nytta til ulike tiltak som HimalPartner støttar.

«Ein god dag».

«Ein god dag» blei arrangert i overgangen mellom april og mai. Det vart sett av to dagar til å hjelpe folk med ulike praktiske oppgåver som maling, hagearbeid og opprydding ute. Også eldre folk på institusjonar i Norheimsund fekk tilbod om ein luftetur (gåtur/trilletur) eller biltur. Tilbodet har blitt godt motteke av dei som har brukt det. I år var veret litt meir av det grå slaget, og dei som ynskte det fekk ein biltur først med eit hyggeleg kaffibesøk i matsalen på Framnes. Nokre fekk ein kortare luftetur rundt Toloheimen. Fleire velvillige stilte opp og gav uttrykk for at det hadde vore kjekt å vere med på eit slikt tiltak. Vikøy sokneråd har delteke på «Ein god dag» saman med Indremisjonen i Norheimsund og soknerådet i Øystese. Eli S. Tveitane er leiar for gruppa.

Konsertar

Det har vore 10 (9) konsertar med ulike eksterne arrangørar i kyrkjene våre i 2018. Totalt har konsertane samla 1567 (1061) tilhøyrarar. I tillegg har det vore halde 3 (4) konsertar/musikkandaktar i regi av kyrkjelyden med 293 (513) tilhøyrarar.

Open kyrkje

I sommarmånadane (juni-juli) fungerer Vikøy kyrkje som open kyrkje. Totalt var kyrkja open 60 dagar. Det er privatpersonar som organiserer med å opne og stenge kyrkja i denne perioden.

Kyrkjeblad for Kvam og Jondal

Kyrkjebladet dekkjer Kvam og Jondal (ikkje Strandebarm). Staben på kyrkjekontoret saman med Arne O. Øystese utgjer redaksjonsnemnda med kyrkjeverje Olav Skeie Lid som redaktør.

Kyrkjebladet kjem ut med 4 nr i året. Gåve-/frivillig abonnement er den viktigaste inntektskjelda til bladet i tillegg til nokre annonser. I 2018 har kyrkjebladet opplevd eit overskot på kr 31 915,-.

Kyrkjebladet vil gjerne spegle av det som skjer i kyrkja i dekningsområdet, og i underkant av 4000 blad vert trykte og distribuerte for kvart nummer. Soknerådet vil få takke for den jobben redaktøren og redaksjonsnemnda har gjort for å gje lesarane i bygdene våre eit blad mange set pris på.

Soknerådet sin økonomi

Økonomien til soknerådet er stabil. Me går med eit overskot dette året; jf. rekneskapen for 2018. Om lag 30 % av innsamla midlar går til eige arbeid.

Norheimsund, 20. mars 2019

For Vikøy sokneråd

Ingvill Sørheim, leiar

Forslag på halvårsplan for Vikøy SR våren 2019

Versjon 7.3.19

Månad	Dato	Arrangement	Tema	Ansvar o.l
Januar	13.	Gudsteneste Nhs. Kl.11 RS	2. søndag i openberringstida, Offer til	Enkel kyrkjekaffi
	10.	AU		
	19- 20.	Gudsteneste i Øystese	Tårnagenter; Familiegudsteneste	
	27.	Gudsteneste Nhs. Kl 11 LAV	4. søndag i openberringstida Offer til	Enkel kyrkjekaffi
Februar	5.	Soknerådsmøte	Offersøknader Halvårsplan for våren 2019 30-årsmarkering for Nhs kyrkje (komite/ansvarspersonar)? Årsmøte	Opning: Odd Ø Mat: Siri Ø
	10.	Gudsteneste i Nhs kl 11. RS	6. søndag i openberringstida	Enkel kyrkjekaffi
	24.	Gudsteneste Nhs kl 11. LAV	Kristi forklåringsdag	Enkel kyrkjekaffi
	27.	AU		
Mars	3.	«Gudsteneste for alle» i Nhs kl 16. RS	Fastelaven	Føremiddagstreffet
	5.	Soknerådsmøte	Førebu årsmøte: årsmelding, budsjett, rekneskap, årsplan, Fasteaksjonen (eigen komite) Konfirmantfesten (setje ned komite)	Opning: Eimund Mat: Edmund
	6.	Gudsteneste i Vikly kl 19. LAV	Askeonsdag	
	10.	Gudsteneste i Nhs. kl 11 RS	1. søndag i faste	Enkel kyrkjekaffi
	13.	Komitè møte for fasteaksjonen	Føreu lister og oppsett på kor konfirmantane skal gå; lage klart bøsse. Bestille litt mat/drikke	Fasteaksjonen er tysdag 9. april
	21.	Temakveld i Nhs kyrkje kl 19.	«Nestekjærleik i ei ny tid»	Kaffi og kringle. Gudrun ansvar
	24.	Gudsteneste i Nhs. kl 11 RS	Maria bodskapsdag	Årsmøte Kyrkjekaffi med kaker (Ingvill og Gudrun ansvar)
	28.	Musikalsk føremiddagstreff	Song/musikk: Gunnar Ajer	Leie: Odd. Eigen matkomite (føremiddagstreff, S. Sakseid)
April	2.	Soknerådsmøte	Evaluering årsmøte Konfirmantfest-komite Parkeringsvakter konfirmasjon i Nhs	

	3.	Foreldremøte for konfirmantforeldra	Komiteen for fasteaksjonen møter og orienterer om kvar konfirmantane går	Mampion, Roar, Kari Bente, Odd, Ingvill
	7.	Gudsteneste kl. 11 RS	4. søndag i faste	Enkel kyrkjekaffi
	18.	Skjærtorsdag kl 19 (felles)		
	17.	AU		
	21.	Gudsteneste 1. påsek dag i Nhs kl 11		Offer til Misjonssambandet
	25.	Samtalegudsteneste Konfirmantfest	Komite frå SR ansvar for festen Mat, program. SR hjelper til	Soknerådet ansvar for fest
Mai	5.	Konfirmasjon Nhs kl 10 Konfirmasjon Nhs kl 12		Parkeringsvakter
	19.	Gudsteneste i Nhs kl 11. RS	5. søndag i påsketida	Enkel kyrkjekaffi
	30.	Friluftsgudsteneste i båthamna i Vikøy kl 11 LAV	Kristihimmelfart (inne i Vikøy kyrkje ved dårleg ver)	Kyrkjekaffi
Juni	2.	Gudsteneste i Nhs kl 11. DV	Sundag før pinse Frelsesarmeen spelar	Enkel kyrkjekaffi
	5.	AU	Ny kyrkjevert- og klokkekarliste Plan for hausthalvåret	
	9.	Gudsteneste Øystese kl 11 RS	1. pinsedag (fellesgudsteneste)	Offer til Normisjonen
	16.	Gudsteneste i Vikøy kl 11 RS	Folketonemesse Os spelemannslag?	Kyrkjekaffi?
	18.	Soknerådsmøte		
	30.	Gudsteneste Nhs Kl 11. RS	3. søndag i treeiningstida	Enkel kyrkjekaffi
Juli	7.	Gudsteneste i Øystese kyrkje		
	28.	Gudsteneste i Nhs. kl 11.		
August	8.	Gudsteneste i Nhs kl 11		